**Statens vegvesen**

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Marianne Skulstad / 55516253 | 16/193357-2 | | 20.01.2017 |

# Uttale til dispensasjonssøknad - gnr. 108 bnr. 609 - Lindås kommune

Vi viser til oversendt søknad om dispensasjon frå punkt 1.1, 1.2 og 2.8 i kommuneplanens føresegner om krav til reguleringsplan. Saka gjeld eigedom gnr. 108 bnr. 609 i Lindås kommune. Søkar ønskjer å rive eksisterande bustadhus på eigedomen, og oppføre nytt hus på same stad.

Eigedomen har tilkomst via privat veg til kommunal veg Gamle Prestavegen i aust og frå privat veg til fylkesveg 415 Veråsvegen i sør.

<u>Planstatus</u>
Eigedommen ligg i område B21 i kommuneplanens arealdel. Det er krav om områderegulering for dette byggeområdet før eventuell detaljregulering. Føremål med områdereguleringa er mellom anna å avklare trong for infrastruktur som g/s-vegar, areal for kollektivtransport og andre fellesløysingar. I føresegn § 2.8 er det krav om gang- og sykkelveg og nytt vegsamband mellom fv. 57 og fv. 415 før utbygging av område B21.

<u>Tilhøve knytt til fylkesveg 415</u>
Søkar ønskjer å rive eksisterande bustadhus og oppføre nytt hus på same stad. Etter vår vurdering vil tiltaket ikkje endre den trafikale situasjonen knytt til fylkesvegen, og vil ikkje endre tilhøva knytt til gjennomføring av rekkjefølgekravet i kommuneplanens §2.8.

<u>Tilhøve knytt til infrastruktur i område B21</u>
Den private vegen gjennom eigedom gnr. 108 bnr. 609 er smal og svingete. Dersom kommunen vel å gi dispensasjon frå plankravet, bør ein vurdere om bygningen bør plasserast lenger unna den private vegen enn i dag, for å sikre areal til trygge internvegar og fortau ved ei seinare regulering av område B21.


| Postadresse | Telefon: 02030 | Kontoradresse | Fakturaadresse |
|---|---|---|---|
| Statens vegvesen | | Nygårdsgaten 112 | Statens vegvesen |
| Region vest | firmapost-vest@vegvesen.no | 5008 BERGEN | Landsdekkende regnskap |
| Askedalen 4 | | | |
| 6863 LEIKANGER | Org.nr: 971032081 | | 9815 Vadsø |

Statens vegvesen vil ikkje motsetje seg ein dispensasjon frå føresegna som omsøkt. Vi føreset at Lindås kommune ved handsaminga tek omsyn til eit utbetra tilbod for mjuke trafikantar i framtidig situasjon.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*